

Saksprotokoll i Formannskapet - 28.08.2025

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner revidert forslag til notat for prinsipp og metode for planvask.

Innstilling:

Morten Helland (KrF) la fram fylgjande merknader frå arbeidsgruppa:

1. Andre punkt s. 3 seier slik i revidert forslag:

Det skal gjennomførast detaljerte vurderingar for utbyggingsføremål som ligg i strandsona (100- metersbeltet til sjø). Vurderingane vil følgje hovudprinsippet om at inngrepsfrie areal (naturområde) som ligg i ytterkant av utbyggingsføremål vert endra frå utbyggingsføremål til LNF. Utbyggingsføremål som ligg innimellom bygd situasjon, og areal som er grå opparbeida areal (område med tiltak/inngrep) skal vidareførast. Om desse areala kan byggjast på skal avklarast i reguleringsplan. Ein vil også nytte byggjegrænse til 1.gangshandsaming som kunnskapskjelde i vurderingane

Arbeidsgruppa sin kommentar:

- a. Her må det enten spesifiserast, eller skriftleggjerast på anna måte, at det ikkje kan gjelde at ein gjer alle areal i ytterkant til LNF automatisk. Det kan vera andre føremål som er tilstøytande det aktuelle arealet, og dette må vurderast i kvart tilfelle.
 - b. Arbeidsgruppa forstår at det må differensierast mellom areal avsett til fritidsføremål, som i hovudsak i ny plan er sagt skal trekkjast opp frå strandlinja, og andre føremål som bustad, naust og næring.
2. Det reviderte forslaget foreslår å også gjera endringar på pågåande reguleringsplanprosessar og planar som er yngre enn 10 år.
 - a. Arbeidsgruppa meiner ein kan sjå på dette, men det skal vera ekstra tungvegande grunnar for å gjera endringar som får konsekvens for pågåande reguleringsplanprosessar, og planar som er yngre enn 10 år.
 - b. Dette handlar om føreseielegheit frå oss som planmynde. Då må det vera differensiering på korleis me vurderer nylege planar, og eldre planar.
 3. Generelt om framdrift og tidsbruk:
 - a. Arbeidsgruppa ser det som avgjerande at me held fokus på å få vedteke ny KPA, så snart som råd. Her synes å koma nye føringar frå sentrale mynde undervegs som stadig aukar arbeidsmengden og kva kommunen må vurdere.

- b. Framdrift med ferdig planvask og framlegging av KPA til 2.gangshøyring forventast til første møterunde 2026. Om ein ser ein ikkje kan nå dette målet, ønskjer me tilbakemelding frå adminstrasjonen, og me må gjera avveining mellom kva me kan legg fram no, og kva me kan leggja til revisjonar i etterkant av framlegging.
- c. Arbeidsgruppa må gjerne få saker oversendt i etappar, handsama desse og vurdere undervegs korleis ein gjer dei politiske vedtaka om planar/arealføremål som skal vedtakast oppheva.

For forslaget stemte 9: Anne T. Johannessen (Frp), Frode Urangsæter (Frp), Ragnfrid Sønstabø (H), Birgit Sønstabø Esperø (KrF), Morten Helland (KrF), Sammy Olsen (Sp), Unni Seim (SV), Jan Atle Haugland (ViPartiet), Joar Nesse (ViPartiet).

Dermed ble innstilling frå kommunedirektør vedtatt med tilslutning til at merknader frå arbeidsgruppa skal takast med i det vidare arbeide, som tillegg til prinsipp og metode for planvask.

Vedtak:

Formannskapet gjorde slikt **vedtak**:

Formannskapet godkjenner revidert forslag til notat for prinsipp og metode for planvask.

Formannskapet gav sin tilslutning til at følgjande merknadar, arbeid fram først i arbeidsgruppa for KPA, skal takast med i det vidare arbeidet, som tillegg til prinsipp og metode for planvask.

1. Andre punkt s. 3 seier slik i revidert forslag:

Det skal gjennomførast detaljerte vurderingar for utbyggingsføremål som ligg i strandsona (100- metersbeltet til sjø). Vurderingane vil følgje hovudprinsippet om at inngrepsfrie areal (naturområde) som ligg i ytterkant av utbyggingsføremål vert endra frå utbyggingsføremål til LNF. Utbyggingsføremål som ligg innimellom bygd situasjon, og areal som er grå opparbeida areal (område med tiltak/inngrep) skal vidareførast. Om desse areala kan byggjast på skal avklarast i reguleringsplan. Ein vil også nytte byggjegrense til 1.gangshandsaming som kunnskapskjelde i vurderingane

Arbeidsgruppa sin kommentar:

- a. Her må det enten spesifiserast, eller skriftleggjerast på anna måte, at det ikkje kan gjelde at ein gjer alle areal i ytterkant til LNF automatisk. Det kan vera andre føremål som er tilstøytande det aktuelle arealet, og dette må vurderast i kvart tilfelle.
 - b. Arbeidsgruppa forstår at det må differensierast mellom areal avsett til fritidsføremål, som i hovudsak i ny plan er sagt skal trekkjast opp frå strandlinja, og andre føremål som bustad, naust og næring.
2. Det reviderte forslaget foreslår å også gjera endringar på pågåande regueringsplanprosessar og planar som er yngre enn 10 år.

- a. Arbeidsgruppa meiner ein kan sjå på dette, men det skal vera ekstra tungvegande grunnar for å gjera endringar som får konsekvens for pågåande reguleringsplanprosessar, og planar som er yngre enn 10 år.
- b. Dette handlar om føreseielegheit frå oss som planmynde. Då må det vera differensiering på korleis me vurderer nylege planar, og eldre planar.

3. Generelt om framdrift og tidsbruk:

- a. Arbeidsgruppa ser det som avgjerande at me held fokus på å få vedteke ny KPA, så snart som råd. Her synes å koma nye føringar frå sentrale mynde undervegs som stadig aukar arbeidsmengden og kva kommunen må vurdere.
- b. Framdrift med ferdig planvask og framlegging av KPA til 2.gangshøyring forventast til første møterunde 2026. Om ein ser ein ikkje kan nå dette målet, ønskjer me tilbakemelding frå adminstrasjonen, og me må gjera avveining mellom kva me kan legg fram no, og kva me kan leggja til revisjonar i etterkant av framlegging.
- c. Arbeidsgruppa må gjerne få saker oversendt i etappar, handsama desse og vurdere undervegs korleis ein gjer dei politiske vedtaka om planar/arealføremål som skal vedtakast oppheva.